

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.: Vår ref.:
2025/829 - 10756/2025

Saksbehandlar:
Lars Ravn Øhlckers

Dato:
04.11.2025

Høring - forslag til endringer i psykisk helsevernloven m.m. om utveksling av opplysninger mellom helsetjenesten og politiet og PST om personer med psykiske lidelser og antatt voldsrisiko

Helse Vest RHF viser til høringa om forslag til endringar i psykisk helsevernlova og politilova m.m. Vi anerkjenner behovet for å styrkje informasjonsutvekslinga mellom helsetenesta, politiet og PST i situasjonar der personar med alvorlege psykiske lidningar kan utgjere ein valdsrisiko.

Helse Vest RHF har vidaresendt høringa til helseforetaka i regionen vår.

Overordna vurdering

Helse Vest RHF støttar intensjonen bak lovforslaget, og ser det som eit viktig bidrag til å styrkje samfunnsvernet og forbetre risikovurderingar i psykisk helsevern.

Forslaget aktualiserer viktige spørsmål om balansen mellom behovet i samfunnet for tryggleik og omsynet til individets rettar. Det gjeld særleg vernet av personopplysningar, retten til privatliv og den tilliten som må liggje til grunn for eit velfungerande behandlingsforhold. For at helsetenesta skal kunne vareta både pasient og samfunn på ein forsvarleg måte, er det avgjerande at personar med psykiske helseutfordringar ikkje avstår frå å søkje hjelp av frykt for konsekvensane av informasjonsdeling. Dette omsynet er sentralt i reguleringa av teieplikta, og det er viktig at nye lovendringar ikkje svekkjer denne tilliten meir enn det som er absolutt nødvendig for å vareta samfunnsvernet.

Viktige omsyn og tilrådingar

Det er avgjerande at lovendringane blir følgde opp med tydelege retningslinjer og omgrepsavklaringar, opplæring og støtte til helsepersonell. Retningslinjer og opplæringa har som mål at ein unngår vurdering- og varslingsrutiner som er unødig omfattande.

Helse Vest RHF støtter forslaget om ein uavhengig førehandskontroll ved pålegg frå PST om utlevering av helseopplysningar.

Avslutning

Helse Vest RHF støttar lovforslaget, og tilrår at implementeringa skjer med særleg vekt på:

- Klare prosedyrar for informasjonsdeling
- Kompetanseheving i relevante delar av helsetenesta
- Omgrepsavklaringar (som til dømes korleis en definerer permisjon) for å sikre lik praksis

Helse Vest RHF ser fram til vidare dialog om korleis lovendringane best kan operasjonaliserast i spesialisthelsetenesta.

Vennleg helsing
Fagavdeling - PHV og TSB

Lars Ravn Øhlckers
Assisterande fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Bjørn Egil Vikse Fagdirektør

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)